

i Eksamen i EXPHIL03 Hausten 2020 – sjølvstudiumsvarianten

Du skal svare på både Filosofihistorie (del I) og Etikk (del II).

Tips og triks:

- Du treng ikkje tenke på å lagre det du skriv. Inspira autolagrar kvart 15. sekund og kvar gong du byter frå ein del av oppgåva til ein annan.
- Du kan velje målform øvst i høgre hjørne. For English, use the menu in the upper right corner.
- Øvst til venstre ser du kor mykje tid det er att på eksamen.
- Du kan auke storleiken på skrivevindaugget ved å trykke på ikonet med fire piler over vindaugget. Du set han tilbake ved å trykke på same ikonet ein gong til.

Formelle krav til oppgåvesvaret:

- Sjølvstende. Oppgåvesvaret du leverer skal vere ditt eige, sjølvstendige arbeid, og eit resultat av eiga læring og arbeidsinnsats. Difor: Ikkje "klipp og lim", bruk hovudsakleg dine eige ord, og ikkje samarbeid med andre kandidatar medan eksamen går føre seg.
- Kjeldetilvising. Om du gjev att tekst ordrett, skal dette markerast som sitat, og du må oppgje kjelde eller opphavsperson. Når du med eigne ord gjev att fakta, påstandar eller resonnement henta frå andre stader, treng du ikkje oppgje kjelde, men du må fortelje kven sine ideer du bruker. Du treng ikkje lage ei litteraturliste.

Generelt for semesteroppgåve og eksamensspørsmål:

- Plagiatkontroll: Alle oppgåvesvar blir elektronisk kontrollert for plagiat mot tekstar på nett og mot oppgåvesvara til andre studentar, både for dette semesteret og tidlegare semester. Tekst som viser seg å vere kopiert frå andre stader kan føre til mistanke om fusk/forsøk på fusk, med mogleg alvorlege konsekvensar for deg som student.
- Prøva har automatisk innlevering når eksamenstida er omme. Om du etter å ha byrja på eksamen likevel ikkje vil levere oppgåvesvaret, må du trekkje deg frå eksamen eller slette alt du har gjort i oppgåvesvaret. Trykk på ikonet øverst i det høgre hjørnet for å få opp valet "Eg vil trekke meg".

Dersom du har tekniske problem, ring 22 84 10 70

Dersom du har faglege spørsmål til oppgåva, kan du kontakte faglærar:

Kari Sletnes, tlf 995 44 539 (ikkje sms)

Lukke til på eksamen!

1 Filosofi- og vitenskapshistorie

Svar på 1 eller 2

1. Kunne vi hatt kunnskap viss vi mangla kvar og ei sanseerfaring? Korleis kan vi vita at noko vi erfarer er verkeleg? Drøft desse to spørsmåla i forhold til to tenkjarar frå pensum.













2. Du skal svara på a), b) og c).

a) Kvifor bringar Platon inn den såkalla gjenerindringslæra i dialogen Menon og kva går han ut på?

b) Framstill hovudtrekka i forsøket til slaveguten på å løysa eit geometrisk problem og drøft om Sokrates klarer å sannsynleggjera at gjenerindring faktisk finn stad.

c) Korleis meiner Aristoteles vi kan oppnå kunnskap? Samanlikn hans syn med Platons teori slik du har gjort greie for denne i a) og b)

Skriv svaret ditt her...

Format - | **B** | *I* | U | x_2 | x^2 | I_x |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  | 

Words: 0













Maks poeng: 0

2 Etikk**Svar på 3 eller 4**

3. Peter Singer har eit heilt anna syn på abortspørsmålet enn Hursthouse. Legg fram dette synet. Kva for ein av tilnærmingane til dei to filosofane er mest overtydande? (Hint: du må visa til grunnar, ikkje berre fortelja kva du meiner!)

4. Korleis kan vi finna ut av kva vi bør gjera, ifølgje utilitarismen? Bør vi halda løfte? Gjer greie for Smarts syn og diskuter styrkar og svakheiter ved dette. Trekk inn Frieds forsvar for deontologien i diskusjonen

Skriv svaret ditt her...

Format | **B** | *I* | U | x_2 | x^2 | I_x |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  | 

Words: 0

Maks poeng: 0